

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 2:

Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekkjefølgje."

### Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Hellesnes sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 12 røyster mot 3 røyster (KrF, Sp, SV) for innstillinga.

Innstillinga punkt 3-6 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
2. Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekkjefølgje.
3. Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.
4. Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.
5. Fylkestinget legg til grunn at planen samsvarar med andre regionale planar der det er felles mål og tema.
6. Kulturminnevern og museum. Innsatsområde 2 / arenavikling mål pkt. 2., vert det teke inn følgjande tillegg (kursiv):
  - Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde.

Innsatsområde 2 / Tiltak B vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kyrkje, kultur- og idrettsarenaer.

I handlingsprogrammet pkt. 5.4 – Samordning, innsatsområde 10 tiltak A - Aktuelle aktørar / partnarar mål vert følgjande tillegg teke inn (kursiv):

- Private aktørar, frivillige lag, institusjonar, kommunar, kyrkjelege miljø.